


Verdiar i Kvinna, Leikanger kommune i Sogn og Fjordane

VVV-rapport 2001-30



Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med
Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Refererast som:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001. Verdier i Kvinna, Leikanger kommune i Sogn og Fjordane.

Útgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat.

VVV-rapport 2001-30. Trondheim

34 sider, 4 kart + vedlegg

Forsidefoto: Johannes Anonby, Kvinnafossen

Forsidelayout: Knut Kringstad

Verdiar i
Kvinna, Leikanger kommune
i Sogn og Fjordane

Vassdragsnr.: 077.62Z
Verneobjekt: 077/3
Verneplan I

VVV-rapport 2001-30

Tittel <i>Verdiar i Kvinna</i>	Dato <i>Kunnskapsstatus 27.07.2001</i>	Antall sider <i>34 s + 4 kart + vedlegg</i>
Forfatter <i>Ole Kristian Spikkeland</i>	Institusjon <i>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</i>	Ansvarlig sign <i>Jofred Takle</i>
TE-nr. <i>996</i>	ISSN-nr. <i>1501-4851</i>	ISBN-nr. <i>82-7072-506-4</i>
		VVV-Rapport nr. <i>2001-30</i>
Vassdragsnavn <i>Kvinna</i>	Vassdragsnummer <i>077.62Z</i>	Fylke <i>Sogn og Fjordane</i>
Vernet vassdrag nr <i>077/3</i>	Antall objekter/delområder <i>10</i>	Kommuner <i>Leikanger (Balestrand)</i>
Antall delområder med Nasjonal verdi (***) <i>2</i>	Antall delområder med Regional verdi (**) <i>1</i>	Antall delområder med Lokal verdi (*) <i>7</i>
EKSTRAKT		
<p>Kvinna ligg hovudsakeleg i Leikanger kommune i Sogn og Fjordane. Berre eit mindre areal i nordvest tilhøyrer Balestrand kommune. Vassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1973.</p> <p>VVV-prosjektet (<i>Verdiar i verna vassdrag</i>) er initiert av Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Formålet er å kartleggje og synleggjere verneverdiane i verna vassdrag. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, på oppdrag frå DN og NVE, presenterer i denne rapporten dokumentasjon av kjende natur- og kulturfaglege verdiar i og ved Kvinna.</p> <p>Kvinna spenner over forskjellige naturtypar frå fjord til høgfjell. Edellauvskog og annan rik lauvskog dominerer opp til 800-900 m.o.h. Nedbørfeltet manglar innsjøar og er i stor grad urørt av tyngre tekniske inngrep. Det knyter seg størst naturfagleg og landskapsmessig interesse til Kvinnafossen, som med eit fritt fall på 120 m er ein av dei flottaste fossane langs Sognefjorden. Ved Kvinnafossen er eit artsrikt og variert edellauvskogsområde aktuelt som naturreservat (i verneplan for edellauvskog). Dei frodige, sørvendte lauvskogsliene frå Sognefjorden og opp mot Myrsete har også ein uvanleg variert og rikholdig bestand av holrugande fugleartar og insektetande sporfuglartar. Nedbørfeltet byr på store opplevingskvalitetar i friluftssamanheng, men bratt oppstigning til fjellområda reduserar bruken ein del. Nedbørfeltet har få og lite varierte kulturminne.</p> <p>Denne rapporten freistar å strukturere og illustrere dette faglege stoffet på ein måte som m.a. kan nyttast i kommunal forvaltning.</p>		
SUMMARY IN ENGLISH		
<p><i>The river Kvinna is situated in the municipality of Leikanger in Sogn og Fjordane. In 1973 this watershed was protected against development of future water power plants.</i></p> <p><i>The Directorate of Nature Management (DN) and The Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE) have established a project "The values of nature protected areas".</i></p> <p><i>The County Governor of Sogn og Fjordane has worked out this report of the natural values of Kvinna.</i></p>		
5 STIKKORD PÅ NORSK		5 KEYWORDS IN ENGLISH
<i>Prosessar og former skapt av is og vatn</i>		<i>Landscapes developed by glaciers and water</i>
<i>Biologisk mangfald</i>		<i>Versatile biological values</i>
<i>Landskapsbilde</i>		<i>Forms of landscapes</i>
<i>Friluftsliv</i>		<i>Open air activities</i>
<i>Kulturminne</i>		<i>Culture Heritage and the Historical Landscape</i>

FØREORD

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er i fellesskap ansvarlege for prosjektet "*Verdiar i verna vassdrag*" (*VVV-prosjektet*). Formålet er å gjere kunnskapen om verdiane lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar verna vassdrag med nærområde. Etter at Stortinget 1. april 1993 vedtok Verneplan IV for vassdrag, er 341 vassdragsobjekt verna mot kraftutbygging. Stortinget har gjentekne gonger presisert at verneverdiane i dei verna vassdraga ikkje må forringast av andre inngrep. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag vart vedteke 10. november 1994. Retningslinjene gir kommunar, fylkeskommunar og statlege myndigheiter rammer for si forvaltning.

VVV-prosjektet skildrar verdiar innan prosessar og former skapt av is og vatn, biologisk mangfald, landskapsbilde, friluftsliv og kulturminne/-miljø og skal ut frå eksisterande kunnskap synleggjere dei viktigaste verdiane. I tillegg kan det også finnast andre verdiar som er viktige for vernet. I prosjektet vert det laga vassdragsvise rapportar som gir ein oversiktleg presentasjon av viktige område i tekst og på kart. Prosjektleiari for VVV-prosjektet er Elisabet Rosendal. Ansvar for utarbeiding av den enkelte rapport ligg til fylkesmannen i vedkomande fylke.

Kvinna har sidan vedtak i Stortinget 6. april 1973 vore verna mot vasskraftutbygging. Denne rapporten er utarbeida av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2001. Rapporten presenterer fylldig dokumentasjon av kjende verdiar som finst i og ved Kvinna. Arbeidet er utført i samarbeid med Leikanger kommune. Arbeidet med rapporten er utført av cand.real Ole Kristian Spikkeland i firma *Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser*. Kontaktperson ved fylkesmannen si miljøvern avdeling har vore seksjonsleiar Jofred Takle. Konsulentfirmaet BioTjenester ved June Breistein har vore engasjert for å slutføre rapporten til trykking og utlegging på Internett.

Trondheim - Leikanger – Oslo

*Direktoratet for naturforvaltning
naturbruksavdelingen*

*Reidar Dahl,
fung. avdelingsdirektør*

*Norges vassdrags- og energidirektorat
vassdragsavdelingen*

*Are Mobæk,
avdelingsdirektør*

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
miljøvern avdelinga*

*Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvern sjef*

INNHALD

FØREORD SAMANDRAG

1.0	INNLEIING	12
1.1	Generell skildring av Kvinna	12
1.2	Hydrologi og vasskvalitet	14
1.3	Arealopplysningar	14
1.3.1	Inngrepsstatus	14
1.3.2	Kommuneplan for Leikanger	15
1.3.3	Kommuneplan for Balestrand	15
1.3.4	Verneområde	15
1.4	Rapporten sine målsetjingar og begrensningar	15
2.0	PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN	16
2.1	Vassdragsselement og dagens prosessar	16
2.2	Former og spor etter avslutta prosessar	16
2.3	Andre geofaglege element	17
2.4	Utvalde delområde og objekt	17
3.0	BIOLOGISK MANGFALD	18
3.1	Ferskvassbiologi	18
3.2	Naturtypar	18
3.3	Vilt	19
3.4	Raudlisteartar	20
3.5	Utvalde delområde og objekt	20
4.0	LANDSKAPSBILDE	21
4.1	Landskapsregion og særpreg	21
4.2	Framtredande landskapselement	22
4.3	Utvalde delområde og objekt	22
5.0	FRILUFTSLIV	23
5.1	Friluftsområde	23
5.2	Hytter, stinett, pilgrimsleder	24
5.3	Naturturisme	24
5.4	Jakt og fiske	25
5.5	Utvalde delområde og objekt	25

6.0	KULTURMILJØ	26
6.1	Vassdragsrelaterte kulturmiljø	26
6.2	Verdifulle kulturlandskap	26
6.3	Andre kulturminne/-miljø	27
6.4	Utvalde delområde og objekt.....	27
7.0	AKTUELLE TRUGSMÅL	28
8.0	LITTERATUR	29
9.0	KRITERIUM OG VERDISETJING BRUKT I RAPPORTEN	31
9.1	Metode.....	31
10.0	KART	34

VEDLEGG Registreringsskjema

SAMANDRAG

Kvinna (077.62Z) ligg hovudsakleg i Leikanger kommune i Sogn og Fjordane. Berre eit mindre areal i nordvest tilhøyrer Balestrand kommune. Vassdraget drenerar fjellområda ytterst på halvøya mellom Fjærlandsfjorden og Sognefjorden/Sogndalsfjorden. Kvinna vart verna mot kraftutbygging i 1973.

Kvinna spenner over forskjellige naturtypar frå fjord til høg fjell. Edellauvskog og annan rik lauvskog dominerer opp til 800-900 m.o.h. Nordlege delar av nedbørfeltet er urørt av tyngre tekniske inngrep. Ingen område er verna etter naturvernlova innanfor Kvinna sitt nedbørfelt, men eit område med edellauvskog på begge sider av Kvinnafossen er aktuelt som naturreservat (i verneplan for edellauvskog). Det knyter seg størst naturfagleg og landskapsmessig interesse til Kvinnafossen, som med eit fritt fall på 120 m er ein av dei flottaste fossane langs Sognefjorden. Botanisk er nedbørfeltet artsrikt og variert, med eit stort innslag av edellauvskog og annan rik lauvskog. Ein frodig alm-lindeskog ved Kvinnafossen har regional botanisk verneverdi, mellom anna P.g.a. kombinasjonen av nemorale og søraustlege artar. Dei frodige, sørvendte lauvskogslieane frå Sognefjorden og oppover mot Myrsete har også ein uvanleg variert og rikhaldig bestand av holrugande fugleartar og insektetande sporvefuglartar. Mellom anna er den sårbare arten kvitryggspett påtreft i dette området. Nedbørfeltet byr på store opplevingskvalitetar i friluftssamanheng, men bratt oppstigning til fjellområda reduserar bruken ein del. Nedbørfeltet har få og lite varierte kulturminne. Det vert seld fiskekort og småviltjakkort i området. Denne rapporten freistar å strukturere og illustrere dette faglege stoffet på ein måte som kan nyttast i kommunal forvaltning.

Rapporten inneheld fem hovudgrupper av fagtema:

<i>Kap. 2</i>	<i>Prosessar og former skapt av is og vatn</i>
<i>Kap. 3</i>	<i>Biologisk mangfald</i>
<i>Kap. 4</i>	<i>Landskapsbilde</i>
<i>Kap. 5</i>	<i>Friluftsliv</i>
<i>Kap. 6</i>	<i>Kulturminne/kulturmiljø</i>

Desse faglege tema vert vurdert etter VVV-faglege kriterium (eigne hovudkriterium og støttekriterium for kvar hovudgruppe), og deretter sorterte etter tre verdikategoriar:

- Nasjonalt verdi (***)*
- Regionalt verdi (**)*
- Lokal verdi (*)*

Dei viktigaste naturfaglege verdiane i Kvinna er samanfatta i tabellar og vist på kart bakerst i rapporten (opplysningar om kulturfaglege verdiar er mangelfulle og difor ikkje framstilte på denne måten). Eit konsentrat av verdiane vert gjengitt i tabellane nedanfor. Referansenumra i tabellane samsvarar med nummereringa på karta og i teksten for øvrig.

Prosesser og former skapt av is og vatn (P)

<i>Nr</i>	<i>Namn delområde</i>	<i>Verneverdi</i>	<i>Temakart nr.</i>
P1	Kvinnafossen	Nasjonal	1
P2	Nyanstølen-Søkjerbotnen	Lokal	1

Biologisk mangfald (B)

<i>Nr</i>	<i>Namn delområde</i>	<i>Verneverdi</i>	<i>Temakart nr.</i>
B1	Kvinnafossen	Regional	2
B2	Kvinna-Myrsete	Lokal	2

Landskap (L)*

<i>Nr</i>	<i>Namn delområde</i>	<i>Verneverdi</i>	<i>Temakart nr.</i>
L1	Kvinnafossen	Nasjonal	3
L2	Hestfjellet-Midteggi-Troeggi	Lokal	3
L3	Storholten-Syringaholten	Lokal	3

* I tillegg vert inngrepsfrie naturområde sone 1 og 2, høvesvis 3-5 km og 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep, vist)

Friluftsliv (F)

<i>Nr</i>	<i>Namn delområde</i>	<i>Verneverdi</i>	<i>Temakart nr.</i>
F1	Storholten-Storholtfjellet	Lokal	4
F2	Mælen-Hestfjellet	Lokal	4
F3	Eitorn-Skoparsete-Skjer	Lokal	4

Dei faglege vurderingane i rapporten byggjer i stor grad på eksisterande litteratur, opplysningar i Naturbasen, tidlegare granskningar og opplysningar frå Leikanger kommune. Dei viktigaste skriftlege kjeldene er samanstilt bakerst i rapporten.

1.0 INNLEIING

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Direktoratet for naturforvaltning (DN) har i fellesskap starta opp eit prosjekt for å gjere kunnskapen om verna vassdrag lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar vassdragsnære område. *VVV-prosjektet* ("Verdiar i verna vassdrag") skal dokumentere og gjere verdiane i dei verna vassdraga meir synlege. Dette skal gjerast gjennom å utarbeide rapportar med kartvedlegg etter ein felles mal. Målet er at alle som planlegg arealbruk eller inngrep i eit verna vassdrag, først skal vite kva verneverdiar som finst der. På denne måten reknar DN og NVE med at skadelege inngrep i større grad vert unngått. I Sogn og Fjordane har fylkesmannen si miljøvernavdeling ansvaret for å utarbeide vassdragsvise rapportar.

1.1 Generell skildring av Kvinna

Kvinna er eit lite vassdrag på til saman 13 km² som drenerar fjellområda ytterst på halvøya mellom Fjærlandsfjorden og Sognefjorden/Sogndalsfjorden. Elva renn frå nord-nordaust mot sør og har utløp i Sognefjorden via den storslegne Kvinnafossen, ca. tre km aust for ferjestaden Hella. Nedbørfeltet ligg i Leikanger kommune, med unnatak av fjellpartiet Syringaholten i nordvest, som tilhøyrrer Balestrand kommune.

Kvinnavassdraget består av to greiner som renn saman i nedre del av Kvinnedalen. Hovudgreina frå nord har sitt utspring i fjellområdet Stav (1 457 m.o.h.) lengst nordaust i nedbørfeltet. Bekkar frå Stav, Troeggi og Midteggi renn saman i eit bekken nedanfor Søkjerbotnen og dannar her Kvinna. Aust i nedbørfeltet samlast Kovelvi frå Hestfjellet og Friseta frå fjellområdet mellom Mælen og Hestfjellet. Kovelvi renn saman med Kvinna om lag på kote 360 m.o.h. Ca. 300 m nedanfor samløpet kastar Kvinna seg ut i den høge, og i flaumperiodar godt synlege Kvinnafossen. Frå Kvinnafossen har elva bratt fall dei siste metrane ned mot utløpet i sjøen. Nedbørfeltet manglar innsjøar. Med unnatak av nokre få stølsområde, eit par kraftlinjer og at Rv55 kryssar nedbørfeltet nær utløpet i sjøen, er vassdraget lite påverka av tekniske inngrep.

Nedbørfeltet vert dekt av M711/N50-kartblada 1317 I (Fjærland) og 1317 II (Leikanger).

Nedbørfeltet omfattar høgdegradienten frå fjord til høg fjell, kor ein suksessivt passerar den boreonemorale, sørboreale, mellomboreale, nordboreale og alpine vegetasjonssona. Samtlege soner er representert med sine svakt oseaniske seksjonar. I den bratte, sørvendte lia opp frå Sognefjorden finn ein edellauvskog med noko planta gran nederst og fattig furuskog øverst. Vegetasjonsbildet er dominert av lauvskog med bjørk heilt opp til 8-900 m.o.h. Fjellvegetasjonen er dominert av fattige vegetasjonstypar.

Kvinna sitt nedbørfelt tilhøyrrer den naturgeografiske region 37d; *Vestlandet sin lauv- og furuskogsregion*, underregion *Sogn og Fjordanes ytre og midtre fjordstrøk*.

Kvinna sitt nedbørfelt har eit kjøleg oseanisk til svakt kontinentalt klima. Sommartemperaturane er noko høgare, og nedbørmengda er mykje mindre enn lenger ute ved kysten. På Vangsnes (51 m.o.h.) ca. 4 km sør for nedbørfeltet er årsnedbøren 1 100 mm. Det fell mest nedbør i september (146 mm), minst i mai (42 mm). I fjellområda vil årsnedbøren vere noko høgare. På Vangsnes er årsmiddeltemperaturen 6,7 °C, med juli som varmaste månad (14,5 °C) og januar som kaldaste månad (-0,1 °C). Temperaturen vil vere ein del lågare i høgreliggjande område, der mesteparten av Kvinna sitt nedbørfelt ligg. Nedbørfeltet er mest utsett for vind og nedbør ved vestaver, spesielt om hausten og vinteren. P.g.a. oppvarma havvatn (Golfstraumen) og Sognefjorden som "varmemagasin" er det sjeldan frost langs sjøen.

Ingen område er verna etter naturvernlova innanfor Kvinna sitt nedbørfelt. Men på kvar side av Kvinna fossen er eit edellauvskogsområde aktuelt som naturreservat (i verneplan for edellauvskog). Det knyter seg størst naturfagleg og landskapsmessig interesse til Kvinna fossen, som med eit fritt fall på 120 m er ein av dei flottaste fossane langs Sognefjorden. Botanisk er nedbørfeltet artsrikt og variert, med eit stort innslag av edellauvskog og annan rik lauvskog. Den frodige alm-lindeskogen ved Kvinna fossen har regional botanisk verneverdi, mellom anna P.g.a. kombinasjonen av nemorale og søraustlege artar. Dei frodige, sørvendte lauvskogsliene frå Sognefjorden og oppover mot Myrsete har også ein uvanleg variert og rikholdig bestand av holrugande fugleartar og insektetande sporvefuglartar. Mellom anna er den sårbare arten kvitryggspett påtreft i dette området. Nedbørfeltet byr på store opplevingskvalitetar i friluftssamanheng, men bratt oppstigning til fjellområda reduserar bruken ein del. Nedbørfeltet har få og lite varierte kulturminne. Det vert seld fiskekort og småviltjaktkort i området.

Kvinna vart verna mot kraftutbygging gjennom vedtak i Stortinget 6. april 1973 (Verneplan I). I St. prp. nr. 4 (1972-73) *Om verneplan for vassdrag* er verneformålet begrunna slik:

"Kontaktutvalget foreslår Kvinna varig vernet mot kraftutbygging under henvisning til at de kjente utbyggingsinteressene er ubetydelige, mens vernehensynene er vesentlige"

Samstundes vart det med tilslutning i Stortinget slege fast følgjande:

"Andre inngrep i de sikrede områdene som kan redusere deres verdi for naturvern, friluftsliv og vitenskap må søkes unngått."

Miljøverndepartementet følgde opp Stortinget si oppmoding med eit eige rundskriv, T-28/74, om omsynet til verna vassdrag i forvaltningssaker. Oppmodinga og rundskrivet har likevel i liten grad vore følgd opp i forvaltninga av verna vassdrag.

Mangelen på kunnskap og dokumentasjon om verneverdiane i Verneplan I-vassdrag førte til at det i 1992 vart utarbeidd ein status over kunnskapsnivået når det gjaldt naturfaglege verdiar og friluftsliv (Moen & Vistad 1992). For Kvinna vart det konkludert med at vassdraget *"kan antakelig være egnet som typevassdrag for de mange små flomvassdragene i regionen, men det er både for lite og har for få naturtyper til å være representativt for vassdragene ellers i regionen. For eksempel er lavlandssonen nesten ikke til stede"*.

Stortinget har gjentekne gonger slege fast at andre inngrep i dei verna vassdraga som kan redusere deira verdi for naturvern, friluftsliv og vitenskap, må søkjast unngått.

I 1994 vart det vedteke Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Retningslinjene føreset at kommunane skal klassifisere og forvalte vassdraget og nærliggjande areal innan eit nærare definert vassdragsbelte.

1.2 Hydrologi og vasskvalitet

Kvinna (077.62Z) sitt nedbørfelt har eit kjøleg oceanisk til svakt kontinentalt klima, der mesteparten av nedbørmengda kjem om hausten. Kvinna er ein typisk flaumelv som i periodar kan vere nesten turr. Flaum førekjem både i samband med snøsmeltinga om våren og ved store nedbørmengder om hausten. Dei høgstliggjande delane av vassdraget har eit jamt tilsig av smeltevatn frå snøfonner gjennom mesteparten av sommaren.

Kvinna er med sine om lag 13 km² eit lite vassdrag som drenerar fjellområda ytterst på halvøya mellom Fjærlandsfjorden og Sognefjorden/Sogndalsfjorden. Elva renn frå nord-nordaust mot sør og har utløp i Sognefjorden ca. tre km aust for ferjestaden Hella. Vassdraget er nestan utan låglandsdel.

Kvinnavassdraget består av to greiner som renn saman i nedre del av Kvinnedalen. Hovudgreina frå nord har sitt utspring i fjellområdet Stav (1 457 m.o.h.) lengst nordaust i nedbørfeltet. Bekkar frå Stav, Troeggi og Midteggi renn saman i eit bekken nedanfor Søkjerbotnen og dannar her Kvinna. Aust i nedbørfeltet samlast Kovelvi frå Hestfjellet og Friseta frå fjellområdet mellom Mælen og Hestfjellet. Kovelvi renn saman med Kvinna om lag på kote 360 m.o.h. Ca. 300 m nedanfor samløpet kastar Kvinna seg ut i den høge, og i flaumperiodar godt synlege, Kvinnafossen. Frå Kvinnafossen har elva bratt fall dei siste metrane ned mot utløpet i sjøen. Nedbørfeltet manglar innsjøar. Dei største pyttane ligg mellom Midteggi, Stav og Troeggi lengst nordaust i nedbørfeltet.

Store høgdeskilnader gjer at Kvinna for det meste renn i stryk. Vasskvaliteten i nedbørfeltet vert rekna som god. Lokalt vil beitande sau kunne føre til noko vassforureining.

1.3 Arealopplysningar

1.3.1 Inngrepsstatus

Store delar av Kvinna sitt nedbørfelt er utan tyngre tekniske inngrep. Pr. 1.1.1998 låg eit område lengst nord i nedbørfeltet innanfor ei sone 3-5 km frå næraste tekniske inngrep ("*inngrepsfrie område sone 1*"). Dette området ligg nord for ei linje som kan trekkjast frå Syringaholten og austover mot Midteggi. Sør for dette området ligg eit enda større areal i ei sone 1-3 km frå næraste tekniske inngrep ("*inngrepsfrie område sone 2*"). Området strekkjer seg sør til ei linje som kan trekkjast frå Storholtfjellet og austover mot Fagraeggi. Områda er viste på temakart nr. 3 bak i rapporten. Inngrepsstatus har ikkje endra seg i perioden 1988-98.

Samtlege tyngre tekniske inngrep ligg i sørlege delar av nedbørfeltet. Ei 66 kV kraftlinje som kryssar nedbørfeltet mellom Dalsbotnen og Kluge, avgrensar dei inngrepsfrie områda mot sør. Noko lenger sør kryssar ei 132 (300) kV kraftlinje nedbørfeltet mellom Bjørnstigen og Kluge. Dei to kraftlinjene kryssar hovudvasstrengen i Kvinnedalen på ca. kote 460 og 420 m.o.h. Nær Kvinna sitt utløp i sjøen kryssar ei 22 kV kraftlinje og Rv55 nedbørfeltet. I dette området er det også opparbeidd ein utkikks plass m/sikringsgjerde. Noko vest for elva ligg ein rasteplass. Det finst noko planta gran i eit område aust for Kvinnafossen og vest for elva like ovanfor fossen. I fjellet finst gamle stølsområde på Myrsete, Kluge, Nyanstølen, Gamlestølen og Kleivafjellet. Fjellområda er noko beitepáverka.

1.3.2 Kommuneplan for Leikanger

Heile nedbørfeltet med unntak av eit lite område kring fjelltoppen Syringaholten i nordvest, tilhøyrer Leikanger kommune. I gjeldande kommuneplan, vedteke 14.12.1994, er områda innanfor Kvinna sitt nedbørfelt avsett som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Eit edellauvskogsområde på kvar side av Kvinnafossen er bandlagt (med fire års rettsverknad frå vedtak av planen) med tanke på vern etter naturvernlova.

Nedbørfeltet til verna vassdrag er avmerkt på kommuneplanen sin arealdel.

1.3.3 Kommuneplan for Balestrand

Eit lite område kring fjelltoppen Syringaholten nordvest i nedbørfeltet tilhøyrer Balestrand kommune. I gjeldande kommuneplan, vedteke i 1991, er området avsett som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område).

1.3.4 Verneområde

Det er ingen verneområde innanfor nedbørfeltet. Eit edellauvskogsområde på kvar side av Kvinnafossen er aktuelt som naturreservat (i verneplan for edellauvskog).

1.4 Rapporten sine målsetjingar og begrensningar

Formålet med denne rapporten er å samanstillе og presentere på ein oversiktleg måte eksisterande kunnskap om natur-, kultur-, landskaps- og friluftsfaglege verdiar i Kvinna sitt nedbørfelt. Rapporten er skriven med utgangspunkt i ein rettleiar som er utarbeidd av DN og NVE i september 1997.

Datagrunnlaget som rapporten byggjer på, har vekslande kvalitet. Kvinna er eit Verneplan I-vassdrag, og for slike vassdrag hadde ein ofte lite detaljkunnskap og mangelfull dokumentasjon av verneverdiane på det tidspunkt vernet vart vedteke. Med unntak av sjølve Kvinnafossen er dette tilfelle også for Kvinna sin del. *Difor kan det også finnast andre verdiar som har betydning for Kvinna sin verneverdi enn dei som er påpeika i denne rapporten.* Noko ny kunnskap har kome fram i samband med ei nyleg framlagd konsekvensutgreiing av ei planlagd 132 kV-kraftlinje mellom Fardal og Mel (Statnett SF 2000), som vil krysse søndre del av nedbørfeltet.

2.0 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN

Dokumentasjonen av berggrunnsgeologiske og kvartærgeologiske tilhøve i Kvinna sitt nedbørfelt byggjer på geologiske kart over landsdelen, kvartærgeologisk kart for Sogn og Fjordane og tekstomtalar i ulike publikasjonar og utgreiingar som tek for seg Sogn og Fjordane eller regionen. Med unnatak av Kvinna fossen, som var hovudårsaka til vernevedtaket i 1973, vart ikkje geologiske tilhøve i Kvinna sitt nedbørfelt omtala i dei opphavlege verneplandokumenta. Moen & Vistad (1992) konkluderar med at vassdraget antakeleg kan vere eigna som typevassdrag for dei mange små flaumvassdraga i regionen, men det er både for lite og har for få naturtypar til å vere representativt for vassdraga elles i regionen. Til dømes er låglandssona nesten ikkje representert.

2.1 Vassdragsselement og dagens prosessar

Den 120 meter høge Kvinna fossen nederst i Kvinnavassdraget er i flaumperiodar ein av dei flottaste fossane langs Sognefjorden. Mange andre elvar og fossar i denne regionen ligg gjøymt i små gjel under frodig vegetasjon og gjer lite av seg i dei bratte og høge fjellssidene opp frå fjorden. Kvinna dannar fleire tilpasningsgjel med tilhøyrande fossefall både ovanfor og nedanfor Kvinna fossen.

I høgreliggjande område renn elva fleire stader i stryk i område der det er grovt materiale. Ved høg vassføring foregår det her aktiv elveerosjon i moreneavsetningar.

Under enkelte bratte skrentar i nedbørfeltet opptrer rasmarker. Konsentrasjonen er størst i dalsidene sør og nord for Søkjerbotnen, som ligg nordvest for Hestfjellet.

I høgstliggjande område dekkjer forvittringsmateriale store areal, t.d. på Hestfjellet med tilliggjande område i søraust og sørvest, og kring Storholten/Storholtfjellet i vestre delar av nedbørfeltet. I fjellområda lengst nord i nedbørfeltet ligg store snøfonner gjennom sommaren.

2.2 Former og spor etter avslutta prosessar

Morenemateriale dekkjer store område i sentrale delar av nedbørfeltet. Konsentrasjonen er høgast kring den nordlegaste vassdragsgreina og i eit område søraust i nedbørfeltet. Lausmassedekket er gjennomgåande tynt. Ein del morenemateriale er truleg overdekt av myr.

Lokalt i nedbørfeltet opptrer enkelte meir eller mindre markerte eigenformer (formelement) i lausmassedekket. I området frå Nyanstølen og nordaustover mot Søkjerbotnen har morenedekket fleire stader ei haug- og ryggforma overflate.

I høgareliggjande område er lausmassedekket tynt, eller manglar heilt.

Marin grense er ikkje nøyaktig fastsett i området, men ligg truleg mellom 110 og 120 m.o.h.

2.3 Andre geofaglege element

Berggrunnen i Kvinna sitt nedbørfelt består av tungt forvitrelege grunnfjellsbergartar; migmatittisk gneis med granittisk og granodiorittisk samansetjing. Landskapet er prega av forkastnings-/sprekkesoner som går i nord-sør retning.

Myr dekkjer mindre areal i nedbørfeltet, vesentleg i høgdenivået 600-850 m.o.h. Det finst mest myr i søraust, langs elva Friseta før denne renn saman med Kovelvi. Det ligg også myrområde kring Fagereivatnet, nær nedbørfeltet si yttergrense i aust, og ved Gamlestølen nær hovudelva Kvinna i nordvest.

2.4 Utvalde delområde og objekt

Tabellen nedanfor viser geologiske/kvartærgeologiske delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle interesser til. Løpenummeret samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 1 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
P1	Kvinnafossen	Høgt fossefall	1	Nasjonal
P2	Nyanstølen-Søkjerbotnen	Haug- og ryggforma overflate	1	Lokal

3.0 BIOLOGISK MANGFALD

Kunnskapen om biologisk mangfald i Kvinna sitt nedbørfelt er henta frå Naturbasen, frå Leikanger kommune og frå ulike kartverk, publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogn og Fjordane eller regionen. Noko kunnskap har også kome fram i samband med ei nyleg utført konsekvensutgreiing av ei planlagd 132 kV-kraftlinje mellom Fardal og Mel, som vil krysse søndre del av nedbørfeltet. Biologiske tilhøve er ikkje omtala i dei opphavlege verneplandokumenta. Moen & Vistad (1992) konkluderar med at vassdraget antakeleg kan vere eigna som typevassdrag for dei mange små flaumvassdraga i region 37d; *Sogn og Fjordanes ytre og midtre fjordstrøk*, men vassdraget er både for lite og har for få naturtypar til å vere representativt for vassdraga elles i regionen. Til dømes er låglandssona nesten ikkje til stades.

3.1 Ferskvassbiologi

Kvinna sitt nedbørfelt er svært fattig på ferskvasslokalitetar. Vassdraget manglar t.d. innsjøar. Samstundes har alle elvar og bekker stort fall og tidvis låg vassføring. Vasskvaliteten vert rekna som god.

Kunnskapen om plante- og dyreliv i ferskvatn i nedbørfeltet er mangelfull, men det er grunn til å tru at det biologiske mangfaldet er moderat. Årsakene til det er ein næringsfattig berggrunn, små og einsarta vassførekomstar og låge vass temperaturar fordi vassførekomstane ligg i fjellområde og i tillegg har tilførsle av kaldt smeltevatn frå snøfonner gjennom det meste av sommaren.

Det skal finnast tynne bestandar av bekkeare i vassdraget ovanfor Kvinnafossen.

3.2 Naturtypar

Kvinna sitt nedbørfelt spenner over forskjellige naturtypar frå fjord til høgfjell. Vegetasjonsbildet er dominert av bjørk og annan lauvskog opp til skoggrensa 800-900 m.o.h. Planta gran opptre enkelte stader i dalsidene, medan fattig furuskog inngår på turre parti eit stykke opp frå fjorden. Nedbørfeltet er lite kulturpåverka.

Botanisk er nedbørfeltet artsrikt og variert med eit stort innslag av edellauvskog og annan rik lauvskog. Den bratte fjellsida ned mot Sognefjorden er eksponert mot sør, noko som gir ekstra gode klimatilhøve for vegetasjonen.

Ein frodig edellauvskog i lia på kvar side av Kvinnafossen har regional botanisk verneverdi. Aust for fossen har edellauvskogen ei rik utgåve av alm-lindeskog, som er dominert av høg, rettstamma lind med litt alm, ask og hassel. På magrare parti veks eik, bjørk, osp og furu.

Kombinasjonen av nemorale og søraustlege artar er interessant i dette området. Konstant væte frå fossen gir truleg gode tilhøve for epifyttvegetasjon, og fuktgradientar i vegetasjonen kan her vere interessante å studere. Ei kraftlinje kryssar nedre del av bestandet, og i nordvest er det planta inn ein del gran. Vest for fossen dominerer lågurteikeskog. Her veks store, rettstamma eiketre saman med osp, bjørk, einer og furu. Det til saman 210 da store området ligg delvis utanfor Kvinna sitt nedbørfelt. Området er aktuelt som naturreservat (i verneplan for edellauvskog).

Blant lauvskog og myrområde i nedre del av Kvinnedalen opptrer enkelte stader storvaksen, open furuskog.

Mindre førekomstar av myr finst langs Friseta søraust i nedbørfeltet og ved Gamlestølen nordvest i nedbørfeltet. Andre våtmarksområde er lite utvikla i Kvinnavassdraget.

Over skoggrensa opptrer lågalpine og mellomalpine vegetasjonssamfunn, der fattige vegetasjonstypar dominerer. I fjellområda nordaust i nedbørfeltet ligg store snøfonner heile sommaren.

3.3 Vilt

Pattedyrfaunaen er truleg middels rik i Kvinnavassdraget, men artsutvalet vert sannsynlegvis begrensa ved at låglandsdelen av vassdraget utgjør svært beskjedne areal og består av brattlendt terreng.

Hjort er einaste hjorteviltart i nedbørfeltet og opptrer vanleg heile året. Om vinteren samlast hjorten i dei bratte liene nederst i vassdraget. Det trekkjer også mykje hjort gjennom nedbørfeltet og nordover mot Fjærlandsfjorden. Hovudtrekket går via Romedalen og Grindsdalen.

Andre vanleg førekomande viltartar er raudrev, mår, hare og ekorn. Det er ikkje kjend at store rovdyr opptrer i området.

I fjellområda finst det bra bestandar av lirype og fjellrype. Fjellvåk og kongeørn vert jevnleg sett i området. Truleg opptrer også artar som dvergfolk og tårnfalk.

I noko lågare høgdelag er orrfugl vanleg utbreidd, medan storfugl vert observert meir tilfeldig i område med gammal furuskog.

Interessante faunaelement er truleg knytta til ein velutvikla furuskog av høg alder nederst i Kvinnedalen. Det er mellom anna registrert raudstjert i dette området.

Kvinnavassdraget sitt nedbørfelt manglar nesten den lågareliggjande skogssona (0-400 m.o.h.). Observasjonar frå området som grensar til nedbørfeltet viser ein fin gradient i skogsamfunn frå sjøen og opp til ca. 750 m.o.h. Denne gradienten kan også sjåast att i samansetjinga av fuglesamfunna.

I dei frodige, sørvendte lauvskogsliene frå Sognefjorden og oppover mot Myrsete, finst ein uvanleg variert og rikhaldig bestand av holrugande fugleartar og insektetande sporvefuglartar. Blant holrugande artar opptrer spettmeis og ulike meiseartar, og blant dei insektetande fugleartane finst varmekjære songarar. Det er også registrert kvitryggspett på to lokalitetar i dette området. I område med innslag av hassel og planta gran vil nøttekråke kunne vere ein karakterart.

Nedbørfeltet har lite utvikla våtmarksområde og difor også ein fattig våtmarkstilknytta fuglefauna. Strandsnipe og fossekall er sannsynleg førekomande artar.

3.4 Raudlisteartar

Kvitryggspett og kongeørn, som begge er påtreffe i nedbørfeltet, står oppført på den reviderte norske raudlista for truga pattedyr og fuglar (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Kvitryggspett står oppført under kategori V på raudlista; *sårbare artar med sterk tilbakegang, og som kan gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative faktorane får halde fram å verke.*

Kongeørn står oppført under kategori R på raudlista; *sjeldsynte artar som ikkje er direkte truga eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon P.g.a. låge individtal eller spreidd eller sparsam utbreiing.*

Sidan korkje fauna eller flora er grundig kartlagt i Kvinna sitt nedbørfelt, kan ein ikkje sjå bort frå at også andre raudlista plante- og dyreartar opptrer i nedbørfeltet. Sjansen for å påtreffe slike artar vil truleg vere størst blant lågareståande plante- og dyregrupper.

3.5 Utvalde delområde og objekt

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle interesser til med omsyn til biologisk mangfald. Løpenummeret samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 2 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
B1	Kvinnafossen	Edellauvskog	2	Regional
B2	Kvinna-Myrsete	Ornitologi	2	Lokal

4.0 LANDSKAPSBILDE

Landskap kan i planfagleg samanheng definerast som det samla fysiske miljøet som omgjev oss utandørs. I omgrepet inngår naturgrunnlag, biologisk innhald, historisk innhald, symboltyding, identitet og estetiske kvalitetar. Landskapsbildet er totalinntrykket/opplevinga av landskapet som oppfattast med heile sanseapparatet. Her kjem også lydar og lukt inn. I internasjonal samanheng er landskap med eit naturleg og urørt preg ein av dei største opplevingsverdiane eit område kan by på.

Landskapet kan inndelast i "småskala" og "storskala" landskap. Her spelar terrengform, naturtilhøve og detaljinnhald inn. Storskala landskap vert kjenneteikna av store, einheitlege landskapsrom med få landskapselement. Småskala landskap skildrar ein mosaikk med mindre og fleire landskapsrom.

Kunnskapen om framtrekande landskapselement i Kvinna sitt nedbørfelt er henta frå topografiske, geologiske og kvartærgeologiske kart og ulike publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogn og Fjordane eller regionen. Det er mellom anna nyleg gjennomført ei landskapsutgreiing i samband med ei planlagd 132 kV-kraftlinje mellom Fardal og Mel, som vil krysse søndre del av nedbørfeltet. Omtalen av landskapsregionar byggjer på den nasjonale inndelinga i landskapsregionar (Elgersma & Sønstebø 1995, Elgersma 1996, Elgersma & Asheim 1998).

Det var først og fremst verdien av Kvinnafossen som låg til grunn for vernet av Kvinnavassdraget i 1973.

4.1 Landskapsregion og særpreg

I følge den nasjonale inndelinga i landskapsregionar ligg nedbørfeltet innanfor region 23: *Indre bygder på Vestlandet*; underregion 23.14: *Fruktbygdene i indre Sogn*. Regionen omfattar det ultimate fjordlandskapet på indre delar av Vestlandet. Landskapsinntrykket er dramatisk, med djupe fjordar og dalar omkransa av snøklede fjelltoppar. Sognefjorden er ei storform med bratte og høge fjellsider. Fjordsidene har markert linjering etter skyvedekka. Dei fleste skogtypane er representerte, og plantelivet er mangfaldig. I liene på nordsida av fjorden er det edellauvskog nederst og fattig furuskog øverst. Fjordløpet er vekslende både i storleik og form. Elvar og fossar ligg gøymt i små gjel under frodig vegetasjon og gjer lite av seg. Jordbruksmarka er den sterkaste landskapskomponenten. Det levande og fruktbare kulturlandskapet med frukt dyrking, husdyrhald og skogsdrift har lange historiske røter og er verdifullt for opplevingsverdien av landskapet.

Landskapet på nordsida av Sognefjorden der Kvinna sitt nedbørfelt ligg, er av Elgersma & Sønstebø (1995) vurdert å ha *middels* verdi.

4.2 Framtredande landskapselement

Hovudlandformene i nedbørfeltet er glasialt utforma. Kombinasjonen av snødekte høgfjell, frodige dalar/lisider og djupe fjordsystem gir store landskapskontrastar, noko som igjen gir store opplevingsverdiar.

Det mest framtredande landskapselementet i nedbørfeltet er utan tvil Kvinnafossen, som nederst i Kvinnavassdraget har eit fritt fall på 120 m før elva går i eit gjel mot utløpet i fjorden. I flaumperiodane er fossen eit praktfullt skue der han kastar seg som eit kvitt slør utfør den grønkledte lisida ned mot Sognefjorden. Kvinnafossen er ein kjend turistattraksjon som cruiseskipa på Sognefjorden tek ein ekstra sving for å syne. Fossen er godt synleg også frå Vangsnes på sørsida av Sognefjorden. I turkeperiodar er Kvinnafossen nesten usynleg.

Nedbørfeltet er omkransa av mange høge fjelltoppar. I vest ligg Storholtfjellet (934 m.o.h.), Storholten (1 024 m.o.h.) og Syringaholten (1 065 m.o.h.). I nord reiser den skarpe egga Troeggi seg, og strekkjer seg nordaustover mot fjelltoppen Stav (1 457 m.o.h.) lengst nordaust i nedbørfeltet. Samtlege fjell dannar ei markert rand mot det opne fjordlandskapet i nordvest, med Vetlefjorden og Fjærlandsfjorden. Fjella er både landemerke og gode utsiktspunkt.

Det knyter seg også landskapsmessig interesse til tre parallelle fjellrygger nordaust i nedbørfeltet, rekna frå sør mot nord; Hestfjellet (1 360 m.o.h.), Midteggi og Troeggi. Dei markerte ryggene er orienterte i retning nordaust-sørvest og har fall mot sørvest.

Kvinnafossen er eit godt kjent landskapsmotiv som ofte er gjengitt på fotografi og omtala på kart og i litteraturen. Fossen er truleg også gjengitt i fleire maleri.

Verdifulle kulturlandskap er omtala i Kap. 6.

4.3 Utvalde delområde og objekt

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle landskapsinteresser til. Løpenummeret for det enkelte delområde/objekt samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 3 bak i rapporten. På temakartet er også innteikna inngrepsfrie naturområde sone 1 og 2 i nedbørfeltet (sonene høvesvis 3-5 km og 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep).

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
L1	Kvinnafossen	Høgt fossefall	3	Nasjonalt
L2	Hestfjellet-Midteggi-Troeggi	Ryggforma fjellformasjonar, landemerke og utsiktspunkt	3	Lokal
L3	Storholten-Syringaholten	Landemerke og utsiktspunkt	3	Lokal

5.0 FRILUFTSLIV

Kunnskapen om friluftslivsinteresser i Kvinna sitt nedbørfelt er henta frå Naturbasen, frå Leikanger kommune, frå lokale turistkontor og frå ulike publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogn og Fjordane eller regionen. Det er mellom anna gjennomført ei friluftsfagleg utgreiing i samband med ei planlagd 132 kV-kraftlinje mellom Fardal og Mel, som vil krysse søndre del av nedbørfeltet.

5.1 *Friluftsområde*

Nedbørfeltet er ein del av eit større friluftsområde som omfattar fjellområda på halvøya mellom Fjærlandsfjorden og Sognefjorden/Sogndalsfjorden. Landskapet varierar mellom det ugjestmilde høgfjellet og dei frodige dalane og lisidene som strekkjer seg ned mot fjorden. Det er denne variasjonen – og dei store kontrastane – som er med på å gjere dette landskapet attraktivt for friluftslivet.

Dei mest brukte friluftsområda er knytta til dei mindre bratte områda opp mot høgfjellet som tradisjonelt er, eller har vore, brukt som beite- og stølsområde. Lenger opp går fjellet mange stader over i fjelltoppar/tindar som vil vere turmål i fint ver. Tilkomsten til fjellområda er naturleg begrensa av dei bratte og ofte uframkomelege liene. Ferdsele opp til fjells foregår i stor grad langs fjellryggar og opparbeidde stiar og stølsvegar.

Det vert drive eit variert friluftsliv i fjellområda, først og fremst i sommarhalvåret. Dei viktigaste aktivitetane er fotturar, skiturar, jakturar og fisketurar. Nedbørfeltet vert først og fremst brukt til dags- og helgeturar. Lokalbefolkninga utgjer den viktigaste brukargruppa. Mellom brukarane er lokale idrettslag og turlaga.

Med unntak av nokre få stølar og eit par kraftlinjer, er Kvinna sitt nedbørfelt lite påverka av tekniske inngrep. Vassdraget er bratt og har vanskeleg tilkomst. Det er lettast å nå fjellområda frå Hella/Eitorn i sørvest og frå Grindsdalen/Engjasete i søraust. Frå Hella kan ein nå Storholten (1 024 m.o.h.) på god gangveg (gardsveg) til den veglause garden Rud, herifrå på merkt sti til stølane Skardet og Rudsstølen og vidare opp til Storholtfjellet og Storholten. Desse fjelltoppane ligg vest i nedbørfeltet og byr på flott utsikt over Sognefjorden, Vetlefjorden og Fjærlandsfjorden med bakanforliggjande fjell- og breområde.

Frå søraust går det sti frå Engjasete til stølen Dalsbotn, som ligg like aust for nedbørfeltet. Heile området frå Engjasete og nordover mot Mælen (974 m.o.h.) og Hestfjellet (1 360 m.o.h.) i Kvinna sitt nedbørfelt er ein del brukt som turområde. Nokre kilometer aust for nedbørfeltet strekkjer Grindsdalen seg djupt inn i fjellmassivet. Grindsdalen er eit naturleg utgangspunkt for turar nordover til Stavsete og vidare over fjellet mot Romøyri ved Fjærlandsfjorden. Dette området har lokal verdi som rekreasjonsområde.

Lengst nord i nedbørfeltet ligg meir krevjande turmål som fjelltoppane Stav (1 457 m.o.h.), Troeggi og Syringaholten (1 065 m.o.h.). Desse områda er utan tyngre tekniske inngrep og byr på flott utsikt.

5.2 Hytter, stinett, pilgrimsleder

Nedbørfeltet vert dekkja av *Turkart Sogndal-Leikanger* i målestokk 1:50 000 (utgitt i 1993).

Det finst ingen turisthytter innanfor nedbørfeltet. Ein merkt tursti går frå Hella via Eitorn og austover gjennom nedbørfeltet til Skoparseite og derifrå ned til Skjer ved fjorden. Stien kryssar Kvinna like ovanfor Kvinnafossen. Turen tek om lag 2,5 timar og er svært populær. Det går også ein gammal stølsveg frå Eitorn og nordover til Myrsete, Kluge og Nyanstølen.

Søraust for nedbørfeltet går det merkt sti frå Engjasete og inn mot stølen Dalsbotn.

Sogn og Fjordane Turlag og Sogndal Turlag nyttar store delar av fjellområdet mellom Fjærlandsfjorden og Sognefjorden/Sogndalsfjorden til sine organiserte turar. Mange område er også attraktive turmål for folk som går turar på eiga hand.

5.3 Naturturisme

